

NOVEMBER 2013 Stjernene

Tema	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
44 Regnbueløva Fortellinga					1. Gymsalen 
45 Regnbueløva «Karsten og Petra»	4. Varm mat 	5. Kino «Karsten og Petra» 	6. Lekedag Ta med <u>ei</u> leke (uten lyd)	7. «Regnbueløve samling» 	8. Hurra for Vilje 3 år 
46 Regnbueløva «Karsten og Petra»	11. Forming 	12. Lekegrupper «Karsten og Petra» 	13. Lekegrupper «Regnbueløve samling» 	14. Turdag 	15. PLANDAG NB! Husk bhg stengt.
47 Regnbueløva Fortellinga	18. Lekegrupper «Regnbueløve samling» 	19. Varm mat 	20. Temasamling Karsten og Petra 	21. korøvning 	22. Korøvning Husk syngje på julemesse Tryggheim lørdag 23.11 kl 11.00
48 Regnbueløva Fortellinga Foreldre samtaler	25. Fellessamling «Fortellinga» 	26. Tur til biblioteket 	27. Forming 	28. Velgegrupper 	29. Lekegrupper 

Kjærlighet, omsorg, trygghet og glede. Undring, nysgjerrighet, voksne til stede.



November brev Stjernene



Hei ☺

Då er det snart november og ny plan er klar for den neste månaden. Me har til no hatt ein flott haust med mykje godt ver og fantastiske farger rundt oss. Det er fortsatt gode temperaturar ute, men no er det på tide å sjekke gjennom skapa til barna dykkar, om dei har alt dei treng når det snart blir kaldare. Ullkler, fleece, ein litt tjukkare dress og gode vanntette sko er gode å ha liggande.

Tema for november er:

Forteljinga: Me har fokus på Tor Åge Bringsvær sine bøker om «Karsten og Petra». Bøkene er veldig koselige og tar for seg kvardagslege ting som barna kan kjenne seg igjen i. Me kjem til å lese mykje, både i små og større grupper, dramatisere, sjå film og lage eller teikne Karsten og Petra. Bøkene er gode til å samtale rundt i etterkant og me håper på mange fine kvalitetsstunder i lag med barna.

Regnbueløva: Me vil bruke regnbueløva som eit verktøy til å snakke om «meg» og «andre». Den første boka om løva « Det er fint å vera meg», tar for seg at det er godt at eg er meg og at eg kan gjere noko godt for dei rundt meg. Det gode sjølvbiletet til barna formes langsamt, ikkje minst ved at barna speglar seg i andre og får oppmuntring og positive tilbakemeldingar på sin person og sine handlingar. Bamsen «Regnbueløva» som me har fått inne på avdelinga kjem til å få vere med i samlingar kor den går på rundgang og me får seie gode ting om oss sjøvl og andre. «Kva er eg flink til?» «Kva gjer meg glad?» «Korleis kan eg gjere andre glade?» er spørsmål me kjem til å snakke om ilag. Det kan hende me ser litt på bok nr to og som handlar om kjenslene glad og lei, som og er et godt verktøy til å få gode samtaler med barna.

For å få til ein god leik på formiddagen deler me ofte barna inn i mindre grupper. Då er det ein vaksne og 4-6 ungar som leiker, er ute, les eller gjer ein aktivitet i lag. Når det er leikegrupper så er det me vaksne som deler inn barna i små grupper. I velgegruppene får barna sjølv velje mellom ulike aktiviteter som me gjer i lag i ei mindre gruppe. Gruppene varer rundt om ein time. Me opplever at me får betre kontakt og oversikt over kvar enkelt av ungane når det ikkje er så mange på ein plass.

15 november er det plandag og barnehagen er då stengt.

Laurdag 23 november skal me synge på julemesse på Tryggheim. Me møter kl 11.00. Håper at så mange som kan stiller. Ungane var så flinke då dei song på bedehuset! Takk for godt oppmøte der ☺

I veke 48 blir det foreldresamtaler. Det vil kome oppslag om dette i garderoben som det kan skrive dykk opp når det passer.

Me vil ynskje dykk ein flott november månad!
Helsing Eli, Ingve, Bergliot, Kristine og Tone ☺